

Tilstandsrapport for grunnskulen

Sykkylven kommune

2022/2023



Bygginga av nye Aure barneskule har pågått for fullt i 2022, og kan pynte forsida av denne tilstandsrapporten. Aure barneskule er planlagt tatt i bruk hausten 2023.

Innhold

1. Innleiing	3
2. Elevar og lærarar	6
2.1. Talet på elevar	6
2.2. Lærartettheit	6
2.3. Undervisningspersonale	8
3. Læringsmiljø	11
3.1. Elevundersøkelsen	11
4. Nasjonale prøver 5. trinn	14
4.1. Rekning	14
4.2. Lesing	14
4.3. Engelsk	14
5. Nasjonale prøver ungdomstrinn	16
5.1. Rekning	16
5.2. Lesing	16
5.3. Engelsk	16
6. Karakterer og grunnskulepoeng	18
6.1. Norsk	18
6.2. Engelsk	18
6.3. Matematikk.....	19
6.4. Grunnskulepoeng.....	19
7. Gjennomføring	20
8. Spesialundervisning og inkluderande praksis	21
9. Etter- og vidareutdanning for lærarar	23
10. Symjeundervisning	24
11. Internkontroll (System for oppfølging)	25

1. Innleiing

Lovkrav

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskulelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skulane.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskot

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skuleeigaren og skulane som danner grunnlag for vurderinga. Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her heilt sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune/ fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skulen og mellom skulane og resultatata i dialogen med skuleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skuleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skuleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette gjeld i stor grad Sykkylven. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan

også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skuleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål

Samandrag og konklusjon

Visjonen for Sykkylvsskulen er «Skaparglede og lærelyst» og hovudmålet i strategiplanen for skuleeigar er «Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle».

Viktige grunnlagsdokument for korleis Sykkylvsskulen skal vere er:

1. *Strategiplan for skuleeigar, vedteken av kommunestyret 08.04.2019. Gjeldande for perioden 2019-2023.*
2. *Pedagogisk plattform*
3. *Kompetanseutviklingsplan*
4. *Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen*
5. *Grunnskulen sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø*
6. *Handlingsrettleiaren for Sykkylven kommune*

Alle desse dokumenta ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Gjennom skuleåret har det vore ei samla og tydeleg retning for oppvekstsektoren i Sykkylven kommune, knytt til inkluderande praksis gjennom «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». Knytt til dette kompetanseløftet er det gjennomført diverse kursing for tilsette, og også gjennomført kompetansekartlegging hos alle som arbeider med barn og unge i Sykkylven kommune. KOSIP-undersøkinga vart iverksett i regi av Regionrådet og gjennomført av HIVO. Kommunen har nyleg fått oversendt ein fyldig rapport med vurderingar av svara frå tilsette i Sykkylven kommune, og har så vidt fått starta arbeidet med oppfølging av undersøkinga. Denne undersøkinga vil få konsekvensar for satsingar neste skuleår.

Arbeidet i skuleåret 2022/2023 er gjennomført med tilstrekkelege rammer for lovleg drift. GSI i oktober 2022 viste ingen brot på lærarnorma på nokon av skulane i kommunen. Grunna sjukmeldingar og andre personalutfordringar i leiargruppa vart 2022 på nokre av einingane prega av konstitueringar - både på avdelingsleiar-, rektor- og kommunalsjefnivå. Dette har vore krevjande prosessar. Skuleeigar er takksam for den velvilja tilsette har vist til å ta dei ekstra utfordringane som dette har medført.

Våren 2022 hadde Statsforvaltaren tilsyn med Sykkylven kommune og Sykkylven ungdomsskule sitt arbeid med å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen fekk i tilsynet ein del pålegg om å gjere forbetringar i systemet – spesielt knytt til kommunen sitt internkontrollsystem. Kommunen og skulen tok fatt i desse pålegga og klargjorde korleis dette ville bli retta opp. Dette vart rapportert tilbake til Statsforvaltaren. Kommunen er glad for at Statsforvaltaren no har godkjent kommunen og skulen sine rutiner knytt til å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Framover blir det viktig å sørge for å halde rutinene i hevd og ha fokus på systematisk arbeid og god forebygging.

I Sykkylven har vi i 2022 hatt fire kommunale barneskular, to private barneskular og ein kommunal ungdomsskule. Vi har også ein vidaregåande skule. Vi går no inn i eit skuleår der vi berre skal ha 2 kommunale barneskular. Nye Aure barneskule skal takast i bruk frå hausten 2023.

Denne rapporten prøver å gi eit oversyn over kva område kommunen bør ha fokus på for betre kvalitet i grunnskuleområdet. Nokre av fokusområda kjem grunna statlege satsingar, andre fordi vi ser at vi må forbetre oss på område der vi får låg skåre på t.d. Elevundersøking og Nasjonale prøver.

Ut i frå satsingar og resultat som kjem fram gjennom ulike undersøkingar og kartleggingar i 2022, vil grunnskulen i Sykkylven prioritere følgjande område for neste skuleår:

- *Bygge enno sterkare fellesskap gjennom fokus på Sykkylvsskulen som felles arena for elevane våre i 1.-10. trinn*
- *Utvikle profesjonsfellesskap og felles kulturbygging både på den nye sentrumsskulen og mellom skulane*
- *Fortsette arbeidet med fagfornyninga gjennom læreplanarbeid, faglege diskusjonar, kvalitet i vurderingsarbeidet og variert bruk av læremiddel*
- *Inkluderande språkopplæring uavhengig av språkleg bakgrunn – alle lærarar er språklærarar*
- *Trygt og godt skulemiljø – kvalitet og kompetanse i alle ledd for å sikre ein trygg og god skulekvardag for alle elevane, sørge for gode internkontrollrutiner for skuleeigar/skuleleiar.*
- *Fokus på tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenestetilbod for barn og unge, m.a. gjennom BTI-arbeidet, implementering av BTI-retteleiar ute i einingane.*
- *Desentralisert kompetanseutvikling - regional etterutdanning for alle skulane, sett i samanheng med temaet «Tilpassa opplæring», også knytt til den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis»*

2. Elevar og lærarar

2.1. Talet på elevar

Sykkylven kommune - utvikling

Skuleår	Antall elevar
2022-23	819
2021-22	860
2020-21	832

Sykkylven kommune – intern fordeling

Skuleår	Skule	Antall elevar
2022-23	Sykkylven kommune (EIER)	819
2022-23	Aure skule	134
2022-23	Sykkylven ungdomsskule	308
2022-23	Sørestranda skule	93
2022-23	Ullavik skule	149
2022-23	Vik skule (Sykkylven)	135

Skuleeigars eigenvurdering

Den varsla nedgangen i elevtalet har enno ikkje slått til for fullt innanfor skulane, men vi ser at Sørestranda skule slit med å oppretthalde sitt elevtal. Det er ei kommunal utfordring å marknadsføre denne skulen som ein attraktiv skule for sitt opptaksområde. Vi veit at talet på barnehagebarn er redusert, og at dette også vil slå inn på nye Aure barneskule i løpet av dei første 2-5 åra. Ei generell marknadsføring av Sykkylven kommune som ei attraktiv bu- og arbeidskommune som det er verdt å flytte til, vil vere ei viktig satsing.

2.2. Lærartettheit

Lærartettleik handlar om kor mange elevar det er pr lærar i skulane våre. Iflg Lærarnorma skal det i snitt pr skule vere maksimum 15.elevar pr. lærar i 1.-4.klasse og maksimum 20 elevar pr. lærar 5.-7.klasse og i 8.-10.klasse til ordinær undervisning.

Lærarnorma er altså ei norm for høvet mellom lærarar og elevar i ordinær undervisning. Det har ingen ting med kor mange elevar det er i klassen eller kor mange lærarar som skal vere i kvar enkelt time. Lærarnorma er ein teoretisk indikator som viser talet på elevar pr lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk ikkje blir rekna med. Dei lærartimane kjem i tillegg.

Lærarnorma seier altså berre noko høvet mellom talet på elevar og lærarar i ein gjennomsnittleg undervisningssituasjon. Norma gjeld innanfor kvart hovudtrinn ved kvar enkelt skule

Lokale mål

Sykkylven kommune har som mål å oppfylle lærarnorm, ha fokus på tidleg innsats og å gi god tilpassa opplæring i heile grunnskulen.

Her er ei oversikt over lærarnorma ved dei ulike kommunale skulane i Sykkylven pr 1.oktober 2022:

	1.-4.kl		5.-7.kl		8.-10.kl		SUM
	faktor	stillingar	faktor	stillingar	faktor	stillingar	
Aure	13,2	0,5	13,2	1,9			
Sørestranda	9,9	1,6	10,8	1,7			
Ullavik	13,3	0,6	16,6	0,7			
Vik	15,0	0,0	15,7	0,9			
SUSK					18,9	1,1	
SUM		2,7		5,2		1,1	9,0

I kolonnene for stillingar, viser vi kor mange stillingar over eller under snittet skulen har på dette hovudtrinnet. Dersom skulen ikkje oppfyller lærarnorma på eit hovudtrinn, vil det bli eit negativt tal på stillingar – altså manglande lærarstillingar.

Denne oversikta viser at Sykkylven kommune samla sett har 9,0 lærarstillingar til ordinær undervisning meir enn kravet i lærarnorma.

Skuleeigars eigenvurdering

Samanlikna med mange andre kommunar er ressurstilgangen i Sykkylven på eit akeptabelt nivå. utfordringa har over fleire år vore fordelinga av ressursar mellom skulane. Dei siste åra har vi hatt fokus på modellar som skal sikre rettferdig fordeling av ressursane mellom skulane, og dette har også vore viktig i samband med ressursfordeling i Aure barneskule som skal starte frå hausten av. Ein konsekvens av stordriftsfordelane vil kunne vere at talet på «overskytande» lærarstillingar vil bli færre.

Tabellane under viser utviklinga i lærartettleik i Sykkylven kommune samla dei siste tre åra:

Sykkylven kommune | Lærertettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertettleik, Kommunal, Begge kjønn, 1.-4. trinn

Sykkylven kommune | Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 5.-7.trinn

Sykkylven kommune | Lærertetthet i ordinær undervisning 8.-10. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 8.-10. trinn

2.3. Undervisningspersonale

Denne indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet i kommunen. Indikatoren opplyser om antal elever pr berekna årsverk til undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimer på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnetrinnet og 656 timar på ungdomstrinnet.

Lokale mål


I planperioden skal Sykkylven kommune arbeide for å oppfylle kravet om godkjend, formell kompetanse i barnehage og skule.

Sykkylven kommune | Årsverk for undervisningspersonale som blir brukt til undervisning



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Sykkylven kommune | Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Sykkylven kommune | Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning |

Skuleår	Skule	Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning
2022-23	Sykkylven kommune (EIER)	92,1%
2022-23	Aure skule	86,1%
2022-23	Sykkylven ungdomsskule	94,6%
2022-23	Sørestranda skule	95,7%
2022-23	Ullavik skule	84,9%
2022-23	Vik skule (Sykkylven)	100,0%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Målet må vere alle som underviser i grunnskulane i Sykkylven skal ha godkjend utdanning. Vi har dette året hatt 11 lærarar på vidareutdanning i realfag, norsk, engelsk og spesialpedagogikk gjennom Kompetanse for kvalitet (Udir). Det er og stort fokus i tilsettingsprosessane for nye lærarar at dei fyller kompetansekrava for fag dei skal undervise i. Dette må kommunen fortsette å prioritere viss vi skal nå målsettinga. Dette gjeld og i fagområda spesialpedagogikk og norsk som andrespråk der i vi treng lærarar med utdanning i faga.

3. Læringsmiljø

3.1. Elevundersøkelsen

Lokale mål

Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing.

- Skulen skal raskt gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering når dei vert gjort kjende med slike problem.
- Skulen skal bruke kommunale retningslinjer for korleis mobbesaker skal handsamast.
- Skulen skal gje elevar og føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar.

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigar og skuleleiarar å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. klasstesteg.


Resultata frå Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringssituasjon. Ein del av spørsmåla i elevundersøkinga er sette saman til indeksar som blir viste i Skuleporten. Resultata for alle spørsmåla blir viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane: indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane
- Vurdering for læring: indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring
- Læringskultur: Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassa, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- Meistring: Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervsining, lekser og arbeid på skulen.
- Elevdemokrati og medverknad: indeksen viser elevane si oppleving om de er mogleg å medverke i arbeidet med faga, om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeidet.
- Andel elevar som har blitt mobba (prosent)


Elevundersøkinga praktiserer strenge reglar for personvern, og resultata for Sykkylven når det gjeld mobbing, blir i stor grad «prikka», dvs. ikkje opne, pga. for lave elevtal.

Sykkylven kommune | Elevundersøkelsen 7. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Sykkylven kommune | Elevundersøkelsen 10. trinn



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

Mobbing på skulen (prosent)

I denne oversikta gjeld dei to første kolonnene resultat for landet, medan dei to siste gjeld Sykkylven. Her er resultatata i stor grad prikkja pga personvern. Desse reglane slår inn når tala er spesielt lave og dermed lett identifiserbare.

Indikator - Spørsmål	7. årstrinn ?	10. årstrinn ?	7. årstrinn ?	10. årstrinn ?
	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?
	Begge kjønn ?	Begge kjønn ?	Begge kjønn ?	Begge kjønn ?
	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?	Andel mobbet ?
- Mobbing på skolen	9,9	7,4	10,7	*
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	8,3	5,5	7,9	*
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?	1,5	3,0	*	*
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	3,8	3,0	*	*

Skuleeigars eigenvurdering

Eit overordna mål er at alle skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Betre fagleg inkludering har vore satsingsområde i 2022. Både mestring, motivasjon og trivsel vil vere ein del av dette arbeidet og heng nøye saman. Dei fleste elevane i Sykkylvsskulen trivst på skulen, men det er framleis svært viktig å arbeide godt og systematisk med målsettinga om eit trygt og godt skulemiljø. Eit miljø der elevane erfarer mestring både fagleg og sosialt. Utvikling av tydeleg klasseleiing er ein sentral del av dette arbeidet.

I dette arbeidet er også eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule sentralt. Når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det opprettast ein aktivitetsplan for eleven, der det skal setjast inn tiltak som skal bidra til at eleven igjen opplever skulemiljøet som trygt og godt. Når målet er nådd, og eleven har ei subjektiv oppleving av å ha det trygt og godt på skulen, skal aktivitetsplanen avsluttast. Undervegs skal planen evaluerast og nye tiltak skal setjast inn ved behov. Heile tida skal det vere eit nært og tett samarbeid mellom heim, skule og eleven sjølv. Barnet si stemme inn i desse sakene er svært viktige, og også her har skulane rom for forbetring.

Ut i frå skuleadministrasjonsprogrammet «Sikker sak» kan vi hente ut oversikter over kor mange aktivitetsplanar knytt til 9A i Opplæringslova som skulane har sett i verk dette skueåret.

Den oversikta ser slik ut:

	Antall saker
Aure skule	3
Sykkylven ungdomsskule	26
Sørestranda skule	3
Ullavik skule	3
Vik skule	15
Sum	50

Dei aller fleste av desse aktivitetsplanane er avslutta og sakene er lukka. Ut i frå samtalar i rektorkollegiet, kan det sjå ut som om den varasjonen vi ser i tala, like mykje handlar om ulike administrative kulturar på skulane som at det handlar om ulike utfordringar i elevmiljøet. På enkelte av skulane blir sakene tatt tak i og løyst meir munnleg og direkte, medan andre løyser sakene også gjennom ein systematisk dokumentasjon. Det er det siste som nok er kravet i lovverket, og dermed også ein praksis som skulane i fellesskap må følgje. Når systemet «Sikker sak» no er oppe og går, bør dette vere enklare å samkøyre mellom skulane. Dette er ein viktig del av det internkontrollsystemet som skal vere på plass.

4. Nasjonale prøver 5. trinn

Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

4.1. Rekning

Sykkylven kommune | Mestringsnivåer Regning 5. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	20,8%	24,8%	25,0%
2022-23	Mestringsnivå 2	62,5%	52,6%	49,4%
2022-23	Mestringsnivå 3	16,7%	22,6%	25,5%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Regning, 5. trinn

4.2. Lesing

Sykkylven kommune | Mestringsnivåer Lesing 5. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	21,1%	23,9%	22,3%
2022-23	Mestringsnivå 2	64,8%	51,6%	48,8%
2022-23	Mestringsnivå 3	14,1%	24,5%	28,9%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Lesing, 5. trinn

4.3. Engelsk

Sykkylven kommune (EIER) | Mestringsnivåer Engelsk 5. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	25,7%	23,8%	24,5%
2022-23	Mestringsnivå 2	48,6%	53,6%	51,5%
2022-23	Mestringsnivå 3	25,7%	22,6%	24,0%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Engelsk, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Spesielt innanfor rekning og lesing burde vi hatt fleire elevar som presterte på mestringsnivå 3. Ei fortsatt satsing på kompetanseheving i lærargruppa, fokus på fagleg inkludering og tilpassa opplæring bør også bidra til av vi kan nå måla våre.

Det spesielle er kanskje at vi innanfor engelsk har resultat som faktisk er betre enn samanliknbare grupper.

5. Nasjonale prøver ungdomstrinn

Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet alle område, og at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

5.1. Rekning

Sykkylven kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 8. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	5,7%	9,1%	9,5%
2022-23	Mestringsnivå 2	28,6%	20,0%	19,7%
2022-23	Mestringsnivå 3	45,7%	42,9%	39,6%
2022-23	Mestringsnivå 4	17,1%	19,8%	21,2%
2022-23	Mestringsnivå 5	2,9%	8,2%	10,0%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Regning, 8. trinn

5.2. Lesing

Sykkylven kommune | Mestringsnivåer Lesing 8. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	10,8%	10,2%	9,5%
2022-23	Mestringsnivå 2	28,4%	22,4%	20,5%
2022-23	Mestringsnivå 3	38,2%	41,1%	38,4%
2022-23	Mestringsnivå 4	16,7%	18,8%	21,2%
2022-23	Mestringsnivå 5	5,9%	7,5%	10,4%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Lesing, 8. trinn

5.3. Engelsk

Sykkylven kommune | Mestringsnivåer Engelsk 8. trinn | Geografisk sammenligning

Skuleår	Mestringsnivåer	Sykkylven kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022-23	Mestringsnivå 1	14,7%	11,1%	10,6%
2022-23	Mestringsnivå 2	23,5%	20,7%	18,8%
2022-23	Mestringsnivå 3	43,1%	43,4%	41,7%
2022-23	Mestringsnivå 4	15,7%	16,9%	19,2%
2022-23	Mestringsnivå 5	2,9%	7,9%	9,7%

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skule, Engelsk, 8. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Ca. 300 elevar lokalt samanlikna med ca. 200 000 elevar nasjonalt, gir rimelegvis ei lite nøyaktig statistisk bilde, men generelt bør vi tilstrebe at fleire av ungdomsskuleelevane kan prestere på dei to øverste mestringsnivåa. Ei fortsatt satsing på kompetanseheving i lærargruppa, fokus på fagleg inkludering og tilpassa opplæring bør også bidra til av vi kan nå måla våre.


6. Karakterer og grunnskulepoeng

Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

6.1. Norsk


Sykkylven kommune (EIER) | Norsk hovedmål standpunkt | Geografisk sammenligning



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

6.2. Engelsk


Sykkylven kommune (EIER) | Engelsk standpunkt | Geografisk sammenligning



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

6.3. Matematikk

Sykkylven kommune (EIER) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning




Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

6.4. Grunnskulepoeng

Sykkylven kommune (EIER) | Grunnskulepoeng | Geografisk sammenligning

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Sykkylven kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

På eit såpass lite utval som ca. 300 elevar, kan det rimelegvis vere årlege variasjonar som gjer samanlikning med større populasjonar vanskeleg. Men vi ser at resultatene ved utgangen av ungdomsskolen på det jamne ligg bra an, men at vi akkurat dette året hadde svakare resultat i engelsk enn dei gruppene vi samanliknar med. Det er viktig med fokus på grundig og kvalitativt godt vurderingsarbeid og karaktersetning på ungdomsskolen, og at ein framover også ser standpunktkarakterane i samanheng med eksamenskarakterar, for å få ei mest mogeleg korrekt nivellering av karakternivået i faga.

7. Gjennomføring

Lokale mål

Kommunen bør ha som mål at alle grunnskuleelevene som er i stand til det, går over til og fullfører vidaregåande utdanningsløp etter 10. trinn.

Sykkylven kommune (EIER) | Overganger fra grunnskule til VGO | Geografisk sammenligning

År	Sykkylven kommune (EIER)	Møre og Romsdal	Nasjonalt
2022	98,2	97,6	97,7
2021	98,6	98,2	97,9
2020	100,0	98,8	98,2

Sykkylven kommune (EIER), Grunnskule, Overganger, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Vi ser at vi har opplevd ein liten nedgang i andelen av elevar som går over frå grunnskule til vidaregåande skule dei siste år, sjølv om vi framleis ligg litt over tala for fylket og landet.

Dette er likevel signal å ta på alvor, ikkje minst å sjå dette i samanheng med den tendensen vi ser knytt til eit aukande bekymringsfullt fråver i grunnskulen. Dette er eit tema som står på dagsorden i både rektorkollegiet og på skulane, og det er viktig å ta dette på alvor og følge tett opp i det vidare arbeidet både på skulenivå og på kommunenivå. Her må vi satse felles og ikkje minst få ei felles forståing for kva som er bekymringsfullt fråver slik at vi kan setje inn tiltak tidleg. Tett tverrfagleg samhandling med skulefråversteamet er nødvendig for å lukkast med dette.

8. Spesialundervisning og inkluderande praksis.

Elevar i kommunale skular i Sykkylven som får spesialundervisning etter enkeltvedtak (GSI)			
	2020	2021	2022
1.-4. trinn	9,4	7,6	10,9
5.-7. trinn	14,2	12,3	14,5
8.-10. trinn	15,5	15,2	17,5

Til samanlikning har vi desse tala for landet som heilheit i 2022:

	2022
1.-4. trinn	5,0
5.-7. trinn	9,2
8.-10. trinn	10,0

Det har lenge vore eit mål å redusere omfanget av spesialundervisninga i Sykkylven kommune. Å heve kvaliteten på det ordinære undervisningstilbodet og gjere det meir inkluderande er heilt i tråd med nasjonale føringar gjennom t.d. «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». Dette forutset at ein styrkar arbeidet med tidleg innsats og driv systematisk kompetanseutvikling i det allmennpedagogiske.

Tabellen over viser ei auke i spesialundervisninga i Sykkylven i perioden. Kommunene har prioritert spesialpedagogikk som fag i vidarutdanninga av lærarar. Etterutdanning innanfor området «tilpassa opplæring» er planlagt frå hausten 2023. Det er profesjonsfellesskapa på skulane som må utvikle og realisere felles verdiar og haldningar til betre inkluderande praksis. Felles forståing for kva dette betyr i praksis i klasserommet må utforskast av dei som møter elevane. Det er leiarane si oppgåve å leie dei tilsette si læring. Dette er eit arbeid som vil halde fram dei neste skuleåra.

Vi ønsker å nå elevane tidlegast mogleg og vi ser at Sykkylven ligg litt over fylket og landet i å tilby spesialundervisning til 1.-4. trinn. Samtidig er det vanskeleg å oppdage alle elevar sine vanskar så tidleg, så det vil bli fleire som først får slik hjelp noko seinare i skuleløpet. Tidleg innsats gjeld heile skuleløpet. Hjelpa må bli gitt tidlegast mogleg etter at behovet er avdekt, uavhengig av kor langt opp i trinn elevane har kome.

Den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» har som mål å bidra til at fleire elevar kan få hjelp og tilpassing i klasseromsfellesskapet. Mange elevar opplever det som vanskeleg å måtte forlate dette fellesskapet for å gå til gruppe- eller eineundervisning. Dei mister også ein del læring i det sosiale fellesskapet og heilskapen i det som skjer i klassa forøvrig, av både faglege og sosiale aktivitetar. Samtidig er det viktig at elevar som treng øving på spesifikke område også kan få høve til å få dette i meir skjerma omgjevningar. Det er også elevar som vil ha behov for skjerming og pausar i løpet av dagen for å roe ned stressnivå og hente seg inn att.

Særskilt norskopplæring

Dette er eit utviklingsområde for skulane i Sykkylven, og vi vil ha fokus på forbetring av rutinar og tilrettelegging for særskilt norskopplæring i alle fag og på alle trinn. Kommunen har mottatt rekordmange flyktningar i løpet av 2022, og fleire av skulane har fått elevar med behov for særskilt norskopplæring. Kommunen har også prioritert dette fagområdet innanfor vidareutdanningsordnigna KfK. I begynnaropplæringa må det leggest til rette for både gruppeundervisning og oppfølging i klasserommet. Elevane bør vere mest mogleg i klassa etter kvart som elevane har oppnådd eit visst språknivå. Alle lærarar på skulen, uansett fag og trinn, er språklærarar.

9. Etter- og vidareutdanning for lærarar

Kompetanse for kvalitet - vidareutdanning

I skuleåret 2022/2023 er det 10 lærarar som tar vidareutdanning innanfor Udir si Kfk-ordning. Faga dei har teke er spesialpedagogikk (4 personar), matematikk (2 personar), norsk (2 personar), engelsk (1 person) og programmering (1 person), i tillegg til lærarspesialistutdanning i matematikk (1 person).

Neste skuleår er det 11 lærarar som har fått godkjent søknad om vikarordning frå kommunen, og som skal ta vidareutdanning i spesialpedagogikk, matematikk, norsk som andrespråk og programmering.

Desentralisert kompetanseutvikling – etterutdanning

Statsforvaltaren fordeler tilskot frå staten til regionane, som regionvis inngår samarbeid med høgskule-/universitet om gjennomføring av etterutdanningstilbod. For vår region er det Sunnmøre Regionråd som koordinerer etterutdanningstilboda i samarbeid med Høgskulen i Volda / NTNU Ålesund. Alle kommunane er med i utarbeidinga av ein plan for satsingsområde, som vert sendt til statsforvaltaren årleg.

Skuleåret 2022/2023 har alle skulane deltatt i «Fagleg inkludering», som del av den statlege satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis».

10.Symjeundervisning

Kommunestyret har tidlegare bedt om å bli halden orientert om symjeundervisninga gjennom denne tilstandsrapporten. Alle skulane tilbyr symjeundervisning/tilvenning i vatn, men dette er litt ulikt fordelt på dei ulike trinna.

Skulane har hatt avsett så mykje tid i symjehallen på Aure kvar veke dette skuleåret:

Aure: 6 timar

Sørestranda: 4 timar

Ullavik: 7 timar

Vik: 6 timar

SUSK: 6 timar

Transport til og frå symjehallen kan vere ei utfordring for dei skulane som ligg lengst vekk får Aure symjehall. Dei største elevane kan nok sykle mellom skulane og symjehallen, men for dei yngste elevane vil dette bli i lengste laget på nokre av skulane. Vinterstida vil dette uansett vere i utfordring. Då må det brukast buss, og dette er naturlegvis ei økonomisk utfordring som det bør takast omsyn.

Det er viktig at symjetilbodet på barneskulane blir relativt likt i omfang og at alle elevane får same høvet til å lære seg å bli trygg i vatnet og oppnå faglege ferdigheiter i faget.

11. Internkontroll (System for oppfølging)

Som nemnd tidlegare i tilstandsrapporten, så hadde Statsforvaltaren tilsyn med kommunedirektøren sitt internkontrollsystemet på skuleområdet i 2022. Kommunelova § 25-1 stiller nye krav til kommunen sin internkontroll, og erstattar opplæringslova sitt krav om «forsvarleg system» etter § 13-10.

Dette blei opplevd som eit nyttig og lærerikt tilsyn, og dei pålegga som kom, gav grunnlag for eit viktig revisjonsarbeid av internkontrollrutinene. Tilsynet er no avslutta. Det blir viktig å implementere dei nye rutinene grundig i tida framover.

Vi tar også i år med ei opplisting av alle dei punkt som til saman utgjer dette internkontrollsystemet på skuleområdet:

Skulenivå:

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Pedagogisk plattform
- Grunnskulen sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø for alle
- Samledokumentet "Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen" - ei samling av rutinar og planar
- Årshjul og faste rutinar for obligatorisk gjennomføring av e-læringskurs m.a. knytt til kap. 9A på www.veilederen.no for alle tilsette inkludert vikarar. Rektor hentar ut årsrapport med oversikt over kven som har gjennomført opplæring i juni kvart år.
- Felles kommunal mal for aktivitetsplan jf. kap 9A-saker - i Visma Sikker Sak.
- Medarbeidarsamtale einingsleiar / rektor - lærar/assistent/fagarbeidar
- Elevsamtalar kontaktlærer - elev
- Foreldresamtalar/utviklingssamtalar kontaktlærer - elevar og føresette
- Rutineplanar og handlingsplanar vert gjennomgått i personalet minst årleg
- Samsvar: Avviksmeldingar, dokumentstyring. Tilsette skal ha tilgang til relevant informasjon som lover og forskrifter, styrande dokument, rutiner og dokumentasjon.
- Bruk av felles kommunale malar for vedtak om spesialundervisning, særskilt språkopplæring, fritak frå nasjonale prøver, permisjon ved rektor.
- Tverrfagleg samarbeid med andre kommunale tenesteytarar, t.d. ansvarsgrupper, fagteam, skulevegringsteam, PMTO-team
- BTI-rettleiaren
- Nasjonale prøver, eksamen, standpunktkarakterar, grunnskulepoeng og Skulebidragsindikator
- Kartleggingsprøver, m.a. obligatoriske kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet og Kartleggeren
- Brukarundersøkingar, t.d. Utdanningsdirektoratet si Elevundersøking, Foreldreundersøking for skule, Lærlingundersøkinga, Lærerundersøkinga, Undersøking for flyktningtenesta/norskundervisninga for vaksne innvandrarar og SFO-undersøking
- Ståstadsanalyse, RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar)

- Interne rutinar og handlingsplanar, dokumentasjon og arkivering
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Aktiv involvering av elevråd
- Møter med FAU/SU
- Kvalitetsgrupper / Mini-AMU (skal ivareta eininga sitt behov for koordinering av kvalitetsarbeidet).

Leiarnivå:

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Pedagogisk plattform

Grunnskulen sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø for alle

- Samledokumentet "Slik tek vi vare på elevane våre i Sykkylvsskulen" - ei samling av rutinar og planar
- Uttrekk av rapportar over gjennomførte obligatoriske e-læringskurs på www.veilederen.no
- Etterspørje og følge opp rutinar og dokumentasjonskrav ift. kap 9A-saker
- Samsvar: avvikshandtering, analysing/identifisering av årsak til ev. gjentekne avvik med påfølgjande tiltak for å fjerne årsak til avvik, dokumentstyring og risikovurdering (ROS-analyser)
- Whatif: Risikovurderingar og arbeid for sikre rutinar ift. GDPR og personvernreglar, samarbeid med personvernombodet gjennom IKA-Sunnmøre
- Årleg gjennomgang av kvalitetsarbeidet som del av rutine frå Styrings- og kvalitetsutvalet
- Resultatoppfølgingsmøte kommunalsjef / økonomisjef - einingsleiar / rektor
- Medarbeidarsamtaler kommunalsjef - einingsleiar / rektor
- RefLex (for både lærarar, skuleleiarar og skuleeigar)
- Kompetanse - og utviklingsplanar
- Leiarforum - kommuneleiing og einingsleiarar
- Rektormøte - rektorar på kommunale skular, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, einingsleiar for Barne- og familietenestene
- Rektornettverk - rektorar på både kommunale skular og friskular, PPT, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar skule, einingsleiar for Barne- og familietenestene
- Fellesmøter mellom styrarar og rektorar, rådgjevar barnehage og rådgjevar skule, kommunalsjef
- Drøftingsmøte med organisasjonane
- Kalkulator for lærarnorm
- GSI-rapportering pr. 1.10. kvart år

Politisk nivå:

- Skuleeigar sin strategiplan for 2019-2023
- Saksframlegg, både referatsaker og politiske saker for vedtak i leveårsutvalet, formannskap og kommunestyre
- Tilstandsrapport/Kvalitets- og utviklingsmelding jf. kommunelova § 25-1.
- Årsrapportering, både skulevis og overordna kommunal årsrapport